



VETERANBÅTLAGET MS LINDENES  
c/o Tveit Regnskap Odda AS  
Eitrheimsvegen 18  
5750 ODDA

Dato: 06.08.2018  
Vår ref.: 2017/14816-80  
Saksbehandlar: roaland  
Dykkar ref.:

## **MS Lindenes - Tilskot til sikring og istandsetjing av verna fartøy 2018 - Delutbetaling av tilskot**

Vi viser til Dykkar brev av 20.06.2018, der de ber om delutbetaling av tilskot til M/S Lindenes.

Vi har motteke søknad om forskotsutbetaling til MS Lindenes. Veteranbåtlaget syner til at dei har hatt store kostnader allereie dette året. I telefonsamtale med kasserar Tor P. Stensland blei det bedt om at ein ved seinare høve legg ved noko meir dokumentasjon i søknaden om utbetaling. Tilskotet for 2018 er på kr 80.000,- og søknad om forskot er på 30000,- Forskotet kan såleis bli utbetalt.

Kr 30.000,- vert utbetalt til dykkar bankkontonr. 3530.28.38559.

Etter denne utbetalinga står det att kr 50.000,- av tilskot for 2018.

De har ansvar for å kontrollera at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Roald Landøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*